

## Saksprotokoll

### Retningslinjer for sal og skjenking av alkoholholdig drikk Alkoholpolitisk handlingsplan - Løyveperioden 2024 – 2028

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024:

#### *Røysting:*

#### **Innstilling: Utval for omsorg, oppvekst og kultur 15.04.2024**

Kommunestyret vedtek vedlagte framlegg til retningslinjer for sal og skjenking av alkoholholdig drikk, Alkoholpolitisk handlingsplan – Løyveperioden 2024 – 2028 med følgjande endringar:

Aurland kommune innfører automatisk fornying av sals- og skjenkeløyve.

Automatisk fornying av løyvet forutset at løyvet vert utøva på forsvarleg måte og i samsvar med løyvevedtaket. Dersom vilkåra vert brutt kan løyvet kallast tilbake i samsvar med gjeldande regelverk.

Kravet til uklanderleg vandel må vere oppfylt og løyvehavar må ikkje ha blitt tildelt prikker i perioden.

Fjerne setninga «For Aurlandsmarknaden og liknande arrangement, vert det ikkje gitt skjenkeløyve før kl 18.00». (Side 9 i «Framlegg til Retningslinjer.....»)

Kommunestyret ber kommunedirektøren legge retningslinjene ut på høyring i 2 veker.

For innstillinga røysta 17: Anja Hauståker (AP), Bjørn Ståle Vike (AP), Eli Kristin Stave (AP), Gro Anita Stentvedt (AP), Kjell Bøe Bjørgum (AP), Kjetil Turlid (AP), Therese Turlid (AP), Frode Magne Haaland Bekkestad (H), Johannes Dalsbotten (H), Monica Finden (H), Per Olav Bøe (H), Tor-Bjørn Hylland (H), Kristoffer Ullern Hansen (MDG), David Underdal (Sp), Eldrid Kringeland Grønsberg (Sp), Sigurd Vikesland (Sp), Terje Horvei (V)

Med dette er innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024:

Kommunestyret vedtek vedlagte framlegg til retningslinjer for sal og skjenking av alkoholholdig drikk, Alkoholpolitisk handlingsplan – Løyveperioden 2024 – 2028 med følgjande endringar:

Aurland kommune innfører automatisk fornying av sals- og skjenkeløyve.

Automatisk fornying av løyvet forutset at løyvet vert utøva på forsvarleg måte og i samsvar med løyvevedtaket. Dersom vilkåra vert brutt kan løyvet kallast tilbake i samsvar med gjeldande regelverk.

Kravet til uklanderleg vandel må vere oppfylt og løyvehavar må ikkje ha blitt tildelt prikker i perioden.

Fjerne setninga «For Aurlandsmarknaden og liknande arrangement, vert det ikkje gitt skjenkeløyve før kl 18.00». (Side 9 i «Framlegg til Retningslinjer.....»)

Kommunestyret ber kommunedirektøren legge retningslinjene ut på høyring i 2 veker.

